

# TILSEGN OM TILSKOT PÅ INNTIL KR 500 000 TIL 345870 345870 FORPROSJEKT FOR DIGITA

Dokumentet er signert digitalt av følgende undertegnere:

- ODDVIN ARNE NESET, signert 05.07.2023 med ID-Porten: BankID



## Det signerte dokumentet inneholder

- En forside med informasjon om signaturene
- Alle originaldokumenter med signaturer på hver side
- Digitale signaturer



## Dokumentet er forseglet av Posten Norge

Signeringen er gjort med digital signering levert av Posten Norge AS. Posten garanterer for autentisiteten og forseglingen av dette dokumentet.



## Slik ser du at signaturene er gyldig

Hvis du åpner dette dokumentet i Adobe Reader, skal det stå øverst at dokumentet er sertifisert av Posten Norge AS. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke er endret etter signering.

MASFJORDEN KOMMUNE  
Att. Oddvin Neset, Helse- og omsorgsleiar  
Austfjordvegen 2724  
5981 MASFJORDNES

Dato 04.07.2023  
Vår referanse 2023/60473-2  
Dykkar referanse Oddvin Neset  
Sakshandsamar Rajwinder Kaur Daphu  
E-post Rajwinder.Kaur.Daphu@vlfk.no  
Telefon 48881749

Ikkje offentleg:jf. offl. § 26 4. ledd, forskingsprosjekt

## TILSEGN OM TILSKOT PÅ INNTIL KR 500 000 TIL 345870 345870 FORPROSJEKT FOR DIGITAL HEIMEOPPFØLGING OG DIGITAL SAMKONSULTASJON AV KRONISK SJUKE

Vi viser til søknad om støtte til ovannemnde prosjekt. Det er med glede vi kan melde at styret i Regionalt forskningsfond Vestland (RFF Vestland) 20.06.2023 har løyvd inntil kr. 500 000,- til prosjektet frå budsjettet for 2023.

For at tilskotet skal vere gyldig må de signere dette tilskotsbrevet innan 3 veker etter at tilskotsbrevet er motteke. Tilskotsbrevet er sendt som signeringsoppdrag jf. rettleiing om eSignering <https://signering.posten.no/#/> Se punkt 6. for info om digital signering.

Løyvinga frå RFF Vestland føreset at prosjektet vert gjennomført i samsvar med prosjektplanen i tilsendt søknad og eventuelle presiseringar og endringar i budsjett i dette brevet.

Bruk prosjektnummer 345870 som referanse i tittel på e-post og all annan kommunikasjon med RFF Vestland om prosjektet.

### 1. Godkjend prosjektplan og budsjett

Prosjektperiode: frå **01.10.2023** til **30.09.2024**

Prosjektet skal sluttrapportere seinast **30.10.2024**.

Dersom det ser ut til å bli endringar i prosjektperioden må vi ha beskjed snarast råd, og i god tid før sluttdato.

Løyvd beløp: 500 000

Søknadsbeløp: 500 000

Godkjend kostnadsplan

Tittel	2023	2024	2025	SUM
*Andre driftskostnader	20 000	30 000		50 000
*Innkjøp av FoU tjenester	100 000	250 000		350 000
*Personale og indirekte kostnader	150 000	165 000		315 000
*Utstyr				0
<b>Sum kostnad</b>	<b>270 000</b>	<b>445 000</b>		<b>715 000</b>

Regionalt forskningsfond Vestland, Vestland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 Bergen

Telefon  
05557

E-post  
forskning@vlfk.no

Heimeside  
[www.regionaleforskningsfond.no/vestland/](http://www.regionaleforskningsfond.no/vestland/)

Organisasjonsnr.  
821 311 632

Dokumentet er signert digitalt av:

- ODDVIN ARNE NESET, 05.07.2023

Forseglet av



Posten Norge

**Godkjend finansieringsplan**

Tittel	2023	2024	2025
*Annen offentlig finansiering			0
*Egenfinansiering	100 000	115 000	215 000
*RFF Vestland	170 000	330 000	500 000
<b>Sum finansiering</b>	<b>270 000</b>	<b>445 000</b>	<b>715 000</b>

Følgende prosjektpartnere og FoU-leverandør skal delta i prosjektet:

ALVER KOMMUNE
AUSTRHEIM KOMMUNE
STIFTINGA VESTLANDSFORSKING
HØGSKULEN PÅ VESTLANDET
REGION NORDHORDLAND IKS

**Kostnader pr. prosjektpartner pr. hovudaktivitet (i 1000 kr)**

	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	Sum
Personal- og indirekte kostnader	150	165	0	0	0	0	0	0	315
Innkjøp av FoU-tenester	100	250	0	0	0	0	0	0	350
Utstyr	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Andre driftskostnader	20	30	0	0	0	0	0	0	50
<i>Totalsum</i>	270	445	0	0	0	0	0	0	715

**Finansiering pr. prosjektpartner (i 1000 kr)**

	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	Sum
Eigenfinansiering	100	115	0	0	0	0	0	0	215
Internasjonale midlar	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Offentleg finansiering	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Privat finansiering	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Søklar RFF Vestland	170	330	0	0	0	0	0	0	500
<i>Totalsum</i>	270	445	0	0	0	0	0	0	715

**2. Vilkår for tilskotet**

Generelt:

- Prosjektet skal verte finansiert slik godkjend finansieringsplan ovanfor viser. RFF Vestland sin finansieringsdel kan dekkja **inntil 69,9 %** av dei godkjende kostnader.
- Tilskotsmottakar, MASFJORDEN KOMMUNE, skal føre eit eiga prosjektrekneskap over prosjektkostnader og prosjektfinansiering. Prosjektfinansieringa og prosjektkostnadene skal gå fram av **MASFJORDEN KOMMUNE** sitt offisielle rekneskap.
- Eigeninnsats i form av tidsbruk i bedrifter og offentleg sektor skal vere lønsmidlar og kan ikkje overstige satsar i Forskningsrådet sine reglar, sjå [Føring av personalkostnader og indirekte kostnader for næringsliv, offentleg sektor og andre søklarar](#). Alle eigenutførte timar skal vere rekneskapsført og utbetalt løn til personar med oppgåver i prosjektet. Eigne reglar om timesatsar gjeld for forskingsorganisasjonar.
- Prosjektet må gjennomførast i samsvar med innsendt søknad og seinare endringar som før iverksetting er godkjend av RFF Vestland. Om dette kravet ikkje er oppfylt, kan tilskotet bli avkorta eller kansellert.

**Regelverket for offentleg støtte etter EØS-avtalen**

Støtte frå Regionale forskingsfond må til ein kvar tid vere i tråd med regelverket for offentleg støtte etter EØS-avtalen – statsstøtteregelverket. Meir informasjon om dette er å finne på denne nettsida til Noregs forskingsråd: [www.forskningsradet.no/sok-om-finansiering/midler-fra-](http://www.forskningsradet.no/sok-om-finansiering/midler-fra-)

Dokumentet er signert digitalt av:

- ODDVIN ARNE NESET, 05.07.2023

Forseglet av



Posten Norge

[forskningsradet/betingelser-for-tildeling-av-statsstotte/](#)

Utdannings- eller forskingsinstitusjonar som også driv økonomisk aktivitet, kan ikkje bruke tilskottet til å kryssubsidiere annan verksemd.

Alle samarbeidspartnarar i prosjektet som er føretak og driv økonomisk verksemd, må signere eigenerklæringskjema (vedlegg 3) .

Det er ikkje krav til revisorattestert rekneskap frå offentleg organisasjonar når desse er prosjektansvarleg.

Men bedrift prosjektansvarleg som mottar tilskot over kr. 200 000 frå RFF Vestland, skal levere eit revisorattestert rekneskap. Revisorattest skal vere i samsvar med **ISRS 4400 "Avtalte kontrollhandlingar"** og innehalde «rapport om faktiske funn». Rettleiing om revisorattest er å finne på vår nettside.

#### Endringar i prosjektet

- Det må søkjast til RFF Vestland dersom det er behov for vesentlege endringar i prosjektet. Dette gjeld til dømes endringar i prosjektaktivitet, budsjett eller tidsplan. Søknad må skje før endringar vert iverksett.
- **MASFJORDEN KOMMUNE** må også søkje dersom det er ønske om endring av prosjektleiari. Søknaden må innehalde ei kort grunngjeving og CV for den nye personen.
- Det er ikkje krav om søknad i tilfelle skifte av administrativt ansvarleg for prosjektet. Slikt skifte må meldast omgåande av avtroppande administrativt ansvarleg eller ein person med fullmakt hos tilsegnsmottakar. Meldinga må innehalde namn, tittel og kontaktinformasjon for den nye personen.

#### Profilering

I alle presentasjonar av og orienteringar om prosjektet, pliktar tilsegnsmottakar å informere tydeleg om at prosjektet er delfinansiert av RFF Vestland.

#### Rapportering og sluttutbetaling

- Utbetaling av tilskotet skjer etterskotsvis.
- MASFJORDEN KOMMUNE skal sende sluttrapportar og rekneskap til RFF Vestland straks prosjektet er avslutta. Dette må skje seinast innan 30.10.2024.
- Sluttrapportering består av sluttrapporteringsskjema, sluttrekneskapsskjema og ein populærvitskapeleg framstilling.
  - Dersom ikkje anna vert meldt skjer sluttrapportering slik:
    - Gå inn på RFF Vestland si nettside: [www.regionaleforskningsfond.no/vestland/](http://www.regionaleforskningsfond.no/vestland/) (menypunkt «[Gå til prosjektrapportering](#)»)
    - Der finn du relevante lenker og malar for sluttrapportering, samt informasjon om innsending
    - Alle rekneskapsrapportar må vere signert av administrativt ansvarleg for prosjektet og eventuelt i tillegg av ein person som har fullmakt hos tilsegnsmottakar.



- Berre godkjend rapportering gjev formelt grunnlag for endeleg utbetaling.

Merk! Når verksemdar og utdannings- og forskingsinstitusjonar som driv økonomisk aktivitet er prosjektansvarleg og støttebeløpet frå RFF Vestland er over kr 200 000, skal revisor attestere sluttrekneskapen. For tilsegnsmottakarar som ikkje er revisorpliktige kan autorisert rekneskapsførar attestere rekneskapen i staden for revisor. Tilsegnsmottakarar i offentleg sektor treng ikkje sende inn revisorattest eller attest frå autorisert rekneskapsførar. Vestland fylkeskommune har likevel moglegheit til å kontrollere bruken av midla som omtalt i avsnittet "Kontroll".

- Tilsegnsmottakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Evt. for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Delutbetaling

- *Tilsegnsmottakar kan søkje om ei delutbetaling i løpet av prosjektperioden. Søknad om delutbetaling skal innehalde dokumentasjon av faktiske kostnader så langt i prosjektet. Dette skal vere i form av ein kort statusrapport og utskrift frå prosjektrekneskapen hos tilskotsmottakar.*

- *Delutbetaling vil vere avgrensa til maksimalt 50 % av løyvt beløp på kr. 500 000 og innan avtalt 69,9% av faktiske kostnader på tidspunktet for søknad om delutbetaling. Resterande beløp vert utbetalt ved prosjektavslutning.*

- *Søknad om delutbetaling kan sendast på e-post til [forsking@vlfk.no](mailto:forsking@vlfk.no)*

Kontroll

- Vestland fylkeskommune er vertsfylkeskommune for RFF Vestland. Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har til ei kvar tid rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Vi gjer merksam på at dei pliktar å gje Vestland fylkeskommune og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll. Riksrevisjonen har også høve til slik kontroll, jf. Stortinget sitt løyvingreglement §10.

### 3. Varigheit og opphør av tilsegna

Tilsegna gjeld frå det tidspunktet RFF Vestland har motteke signert tilskottbrevet frå tilsegnsmottakar. Tilsegna gjeld til prosjektet er avslutta og sluttrapport er levert inn og godkjend, med mindre kontraktperioden sluttar tidlegare.

RFF Vestland kan dessutan heve kontrakten med snarleg verknad dersom:

- ein person eller eit føretak utanfor EØS-området tek bestemmende kontroll over tilsegnsmottakar
- det er meldt oppbod eller opna konkurs eller akkordforhandlingar hos tilsegnsmottakar, eller det på anna grunnlag er mykje sannsynleg at tilsegnsmottakar er insolvent
- verksemda til tilsegnsmottakar er vedteken oppløyst, eller det er mykje sannsynleg at vilkåra er oppfylt for å treffe ei avgjersle om tvang til oppløysing av verksemda.
- sentrale føresetnader for kontraktforholdet sviktar, eller det oppstår andre uføresette omstende av vesentleg betydning for gjennomføringa av prosjektet eller RFF Vestland si evne til å bidra til dette.

Tilsegnsmottakar kan heve kontrakten med snarleg verknad dersom RFF Vestlandet har vesentleg mislighalde sine pliktar.

Dersom RFF Vestland hever kontrakten på grunn av vesentleg mislighald hos tilsegnsmottakar, kan RFF Vestland krevje tilbakebetaling av utbetalte tilskot med tillegg av renter for forseinking etter gjeldande lov om renter ved forsinka betaling frå hevingstidspunktet.

I staden for tilbakebetaling kan RFF Vestland i særlege tilfelle kunne krevje å få overført rettighetene til prosjektresultata.

Krav om slik overlevering skal skje skriftleg. Prosjektansvarleg pliktar å overlevere rettighetene utan ugrunna opphald og skal dekke kostnadene ved overleveringa. Eigendomsretten går over frå prosjektansvarleg til RFF Vestland eller tredjepart ved levering.

### 4. Vurdering av søknaden

Søknaden er vurdert av eit fagpanel og seinare behandla av sekretariatet i RFF Vestland. Kopi av vedtak med vurdering av søknaden er lagt ved.



## 5. DIGITAL SIGNERING OG SKJEMA FOR INNSENDING TIL OSS

Signering er juridisk bindande og ei erklæring på at du har fullmakt til å inngå denne kontrakten på vegne av: MASFJORDEN KOMMUNE med organisasjonsnummer 945627913. Signeringa er og ei stadfesting på at de har lest og akseptert vilkåra for løyvinga, og at de tek ansvar for at prosjektet vert gjennomført etter planen.

Har du fullmakt og ynskjer du å takke ja, ber vi om at du signerer motteke signeringsoppdrag.

Har du ikkje fullmakt eller ynskjer du å takke nei, avviser du signeringsoppdraget og i staden nytte eDialog, jf. rettleiing <https://www.vestlandfylke.no/om-oss/e-dialog/>. Grunnge kvifor du ynskjer å takke nei, evt. opplysningar om kven (namn og adresse) som skal signere elektronisk på vegne av bedrift. Merk svaret ditt med saksnummeret som står på brevet (2023/60473).

Signert og utfylt eigenerklæringskjema (vedlegg 3) for alle bedriftspartnarar/partnarar som mottar statstøtte og driv økonomisk verksemd må vere sendt innan **3 veker**.

**Dokument kan sendes på e-post: [forsking@vlfk.no](mailto:forsking@vlfk.no)**

## 6. Kontaktinformasjon

Kontaktinformasjon i samband med tildeling og prosjektadministrasjon:

Regionalt forskingsfond Vestland

Vestland fylkeskommune

Pb 7900

5020 Bergen

E-post: [forsking@vlfk.no](mailto:forsking@vlfk.no)

Organisasjonsnummer ved digital post: 821 311 632.

Regionalt forskingsfond Vestland ønskjer lukke til med gjennomføringa av prosjektet.

Med vennlig hilsen

Jone Engelsvold

Sekretariatsleiar

NPI - Forsking, kompetanse og internasjonalisering

Rajwinder Kaur Daphu

Seniorrådgjevar-økonomi

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

1) Vedtaksdokument 2) Innsendt søknad for prosjektet 3) Eigenerklæringskjema (for verksemdar som driv økonomisk aktivitet og mottar støtte)



Prosjektnummer: 345870

## Egenerklæring for bedriftspartnerar/partnarar som mottar statstøtte

(Fylles ut, signeres for hvert foretak det er krav om erklæring fra. Sendes inn på e-post til den fondsregionen prosjektet får støtte fra. Oppgi prosjektnummeret i navnet på filen og emnefelt i e-posten.)

Undertegnede, som har fullmakt til å avgi erklæring på vegne av

BEDRIFTENS NAVN:	
ORGANISASJONSNUMMER:	

har lest informasjonstekstene om foretakets størrelse, foretak i økonomiske vanskeligheter og om utestående tilbakebetalingskrav, og er innforstått med de beskrevne reglene. Undertegnede bekrefter at nedenstående opplysninger er korrekte og gitt etter beste skjønn. Undertegnede er videre innforstått med at tildeling av støtte basert på uriktige opplysninger, vil kunne medføre at støtten er ulovlig i henhold til statsstøtteregulverket og vil kunne kreves tilbakebetalt.

1. I henhold til definisjonen i Bilag 1 til Kommisjonens forordning (EU) Nr. 651/2014 av 17. juni 2014, publisert i OJ L 187/1 er bedriften:

<input type="checkbox"/> En stor bedrift
<input type="checkbox"/> En mellomstor bedrift
<input type="checkbox"/> En liten bedrift
<input type="checkbox"/> En mikrobedrift

2. Undertegnede bekrefter at bedriften ikke er et foretak i vanskeligheter jf. definisjonen i artikkel 2 nr. 18 i Kommisjonens forordning (EU) Nr. 651/2014 av 17. juni 2014, publisert i OJ L 187/1.

3. Undertegnede bekrefter at bedriften ikke har utestående tilbakebetalingskrav rettet mot seg som beskrevet i artikkel 1 nr. 4 bokstav a i Kommisjonens forordning (EU) Nr. 651/2014 av 17. juni 2014, publisert i OJ L 187/1.

Sted/ dato:	
Navn:	
Stilling:	
Signatur:	



# VEDTAK – FORPROSJEKT RFFVESTLAND

## (Støtte fra andre enn Forskningsrådet)

**PROGRAM:** RFFVESTLAND  
**UTLYSING:** Regionale forprosjekt RFF Vestland 2023. (Søknadsfrist Løpende)

**PROSJEKTNUMMER:** 345870  
**PROSJEKTTITTEL:** Forprosjekt for digital heimeoppfølging og digital samkonsultasjon av kronisk sjuke.

**SØKJAR:** MASFJORDEN KOMMUNE  
**SAMARBEIDSPARTNARAR:** ALVER KOMMUNE, AUSTRHEIM KOMMUNE, STIFTINGA VESTLANDSFORSKING, HØGSKULEN PÅ VESTLANDET, REGION NORDHORDLAND IKS

**SØKT BELØP (i heile 1000 kr):** 500

<b>KOSTNADSPLAN (i heile 1000 kr)</b>	<b>FINANSIERINGSPLAN (i heile 1000 kr)</b>		
Personal- og indirekte kostnader:	315	Eigne midler	215
Innkjøp av FoU-tenester:	350	Internasjonale midler	0
Utstyr:	0	Andre offentlige midler	0
Andre driftskostnader:	50	Andre private midler	0
		Søkes Regionale forskingsfond	500
<b>Totalsum:</b>	<b>715</b>	<b>Totalsum:</b>	<b>715</b>

### HOVUDMÅL OG DELMÅL

#### Hovudmål

Forprosjektet skal utvikle kunnskapsgrunnlag for teneste-innovasjon digital heimeoppfølging og digital samkonsultasjon for kronisk sjuke pasientar, som metode og verktøy for å betra samhandlinga og tilbod om helsetenester nærmare der pasienten bur.

Hovudmålet skal realiserast gjennom fire delmål som skal gje eit kunnskapsgrunnlag for kva for problemstillingar som vil vere viktig for vidare forskning i eit hovudprosjekt.

#### Delmål

1. Styrkje pasient og pårørande si medverking og eigenmeistring i behandling og oppfølging via digital heimeoppfølging i kombinasjon med digital samkonsultasjon. 2. Styrkje fagleg samhandling og kompetanse hjå helsepersonell via kunnskapsdeling i digitale samkonsultasjonar. 3. Redusere transportkostnader, redusere reisetid og belastning ved transport av pasient/pårørande via deltaking i digitale samkonsultasjonar i kombinasjon med heimeoppfølging. 4. Prosjektleding, formidling og dialog rundt prosjektresultatet

### PROSJEKTSAMANDRAG

Denne forprosjektsøknaden er knytt til å utvikle kunnskap innan teknologi og innovasjon. Teknologi og innovasjon er eitt av dei prioriterte områda i planen som kommunane ser behov for å samarbeid om, og som understøtter regionen si satsing på samarbeid om digitalisering og innovasjon på mange områder. Føringer og prioriteringar i planen må sjåast i samheng med samarbeidsprosjekt Fag- og tenesteutvikling (FTU) i og rundt Region Nordhordland Helsehus (viser til Styringsdokument for utviklingsarbeidet). Partane i samarbeidsprosjekt FTU er; Kommunar i Region Nordhordland (Alver, Austrheim, Fedje, Masfjorden, Modalen, Gulen, Osterøy), Vestland fylkeskommune v/tannhelsetenesta, Helse Bergen, Haraldsplass DS og NKS Olaviken. Ei felles satsing på digital heimeoppfølging og digital samkonsultasjon er å sjå som eit av tiltaka under FTU satsinga. Forprosjektet vil utvikle eit kunnskapsgrunnlag frå første fase av pilotering for teneste-innovasjon digital samkonsultasjon initiert av helsepersonell i kommunane, i kombinasjon med digital heimeoppfølging, som metode og verktøy. Formålet med digital heimeoppfølging er som for digital samkonsultasjon, å dele relevant informasjon, meir tverrfagleg samhandling, få rettleiing og beslutningsstøtte, og på den måten kunne utarbeide ein felles plan for oppfølging som dekkjer brukar sine behov. Forprosjektet vil nytte kvalitativ og kvantitativ metode for å svare ut forskingsspørsmåla.

Aktuelle hovudprosjekt etter forprosjektet vil bli utvikla til utlysing av forskingsprosjekt i Norges forskningsråd, truleg i februar 2024, og/eller søknad til Innovasjonsprosjekt i offentlig sektor i 2024, eventuelle hovudprosjekt i RFF Vestland og partnarane vil og vurdere deltaking i Horisont Europa programmet på eit seinare tidspunkt.

### VURDERING

Kriterium	Karakter	Kommentar *
-----------	----------	-------------

Vedtak

345870

Generert 23.06.2023, kl 12:45:27

Side 1 / 3

Dokumentet er signert digitalt av:

• ODDVIN ARNE NESET, 05.07.2023

Forseglet av



Posten Norge



Forskning og innovasjon (Forprosjekt RFF Vestland)	5	Hovudsakleg er innovasjonen å utvikle og tilpasse spesifikt i desse kommunane. Det er bra at med eit tydeleg brukarfokus, men det er noko mangelfullt at ein ikkje reflekterer godt nok over at det allereie er gjort mykje på video og digital helseteneste/rettleiing - som vart forsterka under covid pandemien. Innføring av denne type tekniske løysingar reiser fleire utfordringar. Panelet peiker særleg på behovet for regulatoriske endringar (refusjon med meir) som kan vere større utfordring enn teknisk innovasjon. FoU aktivitet synes å vere naudsynt for å lukkast med innovasjonen. Kunnskapsstatus er godt skildra. Aksjonsforskning har metodikk som er anerkjent og relevant. Referansane til kunnskapsstatus tek kanskje ikkje i tilstrekkeleg grad opp nyare forskning på slike digitale modellar. Sjølv om innovasjonen er prega av overføring av kunnskap frå tilsvarande prosjekt andre stader, er dei kommunale organiseringane ulike – noko som også gir nye kunnskapsutfordringar.
Verknader og effektar (Forprosjekt RFF Vestland)	5	Søknaden er godt forankra i kommunane som søker. Dei synes å ville noko med dette. Dei vil få nokre konkrete resultat som vil bli vurdert og tatt med vidare i tenesta. Stor gruppe med potensielle brukarar her, som for mange belastar helsetenestene tungt - vil kunne redusere meir enn transportkostnader. Rask og tidleg oppfølging av kroniske pasientar som kan gi betydeleg sparing for helsetenesta og pasientane. Det trekk noko ned at det ikkje er tydeleggjort i søknaden om dei teknologiske løysningane alt er kjøpt eller ikkje. Gevinstrealisering i kommunehelsetenesta er lite skildra. Panelet saknar meir informasjon om kor ein kan vente verdiskapinga. Regionalt betyr det noko for dei involverte kommunane. Prosjektet er i tråd med prioriteringar og bidrar til regional kunnskapsbygging. Det er usikkert om dette vil bli vidareført i eit hovudprosjekt. Det er eit potensielle gitt reguleringsendringar. Dette burde ha vore del av prosjektoppsettet.
Gjennomføring (Forprosjekt RFF Vestland)	4	Det eit sterkt fag- og kompetansmiljø som produserer mykje god forskning. Dette kan dei gjennomføre. God samanheng mellom mål og aktivitet. Trekk ned at det ikkje er godt nok skildra kven som er ansvarleg for utprøving av teknologi, og om dette er starta eller ikkje - som gir sterk sårbarheit. Tida dei har til å gjennomføre forskinga er avhengig av at det tekniske faktisk skjer. Denne type tenesteinnovasjon handlar om mykje meir enn teknologi - det er eit sosialt system som må på plass. Saknar involvering av fastlegane og andre helsetenesteaktørar for å få dette til å fungere. Perspektivet burde vore med alt frå starten av. Prosjektet har eit sterkt eigarskap, mange involverte.
Samlet vurdering fra fageksperten/panelet	5	Søknaden svarar meget godt på kriteriet, men han har nokre manglar.
SEKRETARIATET:		
Regional relevans (Forprosjekt RFF Vestland)		Søknaden er i tråd med prioriteringa av innovasjon i kommunal sektor. Stort potensial for verdiskaping i offentleg sektor dersom dei lukkast.

7: Framifrå, 6: Svært godt, 5: Mykje godt, 4: Godt, 3: Mindre godt, 2: Svakt, 1: Dårleg

*\* RFF Vestland gjer merksam på at kommentarane frå ekspertane ikkje representerer heile diskusjonen rundt søknaden. Kommentarene er ført i pennen av administrasjonen, og er eit samandrag av ekspertane sin vurdering av kvart kriterium. Vi håper prosjektansvarleg kan bruke kommentarane som innspel i det vidare arbeidet med prosjektet.*

#### VEDTAK:

**Regionalt forskingsfond Vestland gjer tilsegn om inntil kr. 500.000 (70 %) i støtte til:**

**PROSJEKT:** 345870 Forprosjekt for digital heimeoppfølging og digital samkonsultasjon av kronisk sjuke.

**PROSJEKTANSVARLEG SØKJAR:** MASFJORDEN KOMMUNE



Støttebeløpet er i medhald til sjekkpunkt for utrekning av statsstøtte.

**FØRESETNADAR FOR STØTTE:**

Prosjektansvarleg vil bli invitert til gjennomgang av plan og økonomi for prosjektet for å sikre at føresetnader for gjennomføring av prosjektet er til stades, før endeleg godkjenning av prosjektet og utsending av tilsegnsbrev.

**DATO FOR VEDTAK:** 20.06.2023

Dokumentet er signert digitalt av:

- ODDVIN ARNE NESET, 05.07.2023

Forseglet av



Posten Norge

## Prosjektpartnerar

### Prosjektansvarleg

Prosjektansvarleg	
Institusjon / bedrift	MASFJORDEN KOMMUNE
Adresse	Austfjordvegen 2724
Postnummer	5981
Poststad	MASFJORDNES
Land	Noreg
E-post til postmottak	post@masfjorden.kommune.no
Internettadresse	www.masfjorden.kommune.no
Organisasjonsnummer	945627913
Rolle i prosjektet	Både utførande og finansierande

### Administrativt ansvarleg

Fornamn	Oddvin
Etternamn	Neset
Fødselsdato	240167
Personnummer	*****
Kjønn	Mann
Stilling/tittel	Helse- og omsorgsleiar
Telefon	+4790609941
E-post	oddvin.arne.neset@masfjorden.kommune.no
Bekreftelse	✓ Søknaden er godkjend av prosjektansvarleg

### Prosjektleiar

Fornamn	Frode
Etternamn	Fadnes Jacobsen
Fødselsdato	120661

Dokumentet er signert digitalt av:

- ODDVIN ARNE NESET, 05.07.2023

Forseglet av



Posten Norge

Personnummer	
Kjønn	Mann
Institusjon / bedrift	HØGSKULEN PÅ VESTLANDET
Adresse	Postboks 7030
Postnummer	5020
Poststad	BERGEN
Land	Noreg
Stilling/tittel	Professor/forskningsleiar
Akademisk grad	Dr. polit./PhD
Ønskt målform	Bokmål
Telefon	+4790609941
E-post	Frode.Fadnes.Jacobsen@hvl.no

## Samarbeidspartnarar og FoU-leverandørar

1

Institusjon/ bedrift	ALVER KOMMUNE
Adresse	Postboks 4
Postnummer	5906
Poststad	FREKHAUG
Land	Noreg
Organisasjonsnummer	920290922
Fagansvarleg namn	Leni Dale
Fagansvarleg telefon	+4790854464
Fagansvarleg e-post	leni.dale@alver.kommune.no
Rolle i prosjektet	Både utførande og finansierande

2

Institusjon/ bedrift	AUSTRHEIM KOMMUNE
Adresse	Sætremarka 2
Postnummer	5943



Poststad	AUSTRHEIM
Land	Noreg
Organisasjonsnummer	948350823
Fagansvarleg namn	Anne Hildegunn Færøy
Fagansvarleg telefon	+4641441208
Fagansvarleg e-post	anne.hildegunn.feroy@austrheim.kommune.no
Rolle i prosjektet	Både utførande og finansierande

3

Institusjon/ bedrift	STIFTINGA VESTLANDSFORSKING
Adresse	Postboks 163
Postnummer	6851
Poststad	SOGNDAL
Land	Noreg
Organisasjonsnummer	965919627
Fagansvarleg namn	Ivar Petter Grøtte
Fagansvarleg telefon	+4790828418
Fagansvarleg e-post	ipg@vestforsk.no
Rolle i prosjektet	Berre utførande

4

Institusjon/ bedrift	HØGSKULEN PÅ VESTLANDET
Adresse	Postboks 7030
Postnummer	5020
Poststad	BERGEN
Land	Noreg
Organisasjonsnummer	917641404
Fagansvarleg namn	Frode Fadnes Jacobsen
Fagansvarleg telefon	+4790609941
Fagansvarleg e-post	Frode.Fadnes.Jacobsen@hvl.no

Dokumentet er signert digitalt av:

- ODDVIN ARNE NESET, 05.07.2023

Forseglet av



Posten Norge

Rolle i prosjektet	Berre utførande
5	
Institusjon/ bedrift	REGION NORDHORDLAND IKS
Adresse	Kvassnesvegen 23
Postnummer	5914
Poststad	ISDALSTØ
Land	Noreg
Organisasjonsnummer	971361514
Fagansvarleg namn	Kathrin Sætren Omland
Fagansvarleg telefon	+4791849142
Fagansvarleg e-post	kathrin.omland@regionnordhordland.no
Rolle i prosjektet	Berre utførande

## Prosjektinformasjon

### Prosjekttittel

Prosjekttittel	Forprosjekt for digital heimeoppfølging og digital samkonsultasjon av kronisk sjuke.
----------------	--

### Hovudmål og delmål for prosjektet

#### Hovudmål

Forprosjektet skal utvikle kunnskapsgrunnlag for teneste-innovasjon digital heimeoppfølging og digital samkonsultasjon for kronisk sjuke pasientar, som metode og verktøy for å betra samhandlinga og tilbod om helsetenester nærmare der pasienten bur.

Hovudmålet skal realiserast gjennom fire delmål som skal gje eit kunnskapsgrunnlag for kva for problemstillingar som vil vere viktig for vidare forskning i eit hovudprosjekt.

#### Delmål

1. Styrkje pasient og pårørande si medverking og eigenmeistring i behandling og oppfølging via digital heimeoppfølging i kombinasjon med digital samkonsultasjon. 2. Styrkje fagleg samhandling og kompetanse hjå helsepersonell via kunnskapsdeling i digitale samkonsultasjonar. 3. Redusere transportkostnader, redusere reisetid og belastning ved transport av pasient/pårørande via deltaking i digitale samkonsultasjonar i kombinasjon med heimeoppfølging. 4. Prosjektleiing, formidling og dialog rundt prosjektresultatet



## Prosjektsamandrag

Denne forprosjektsøknaden er knytt til å utvikle kunnskap innan teknologi og innovasjon. Teknologi og innovasjon er eitt av dei prioriterte områda i planen som kommunane ser behov for å samarbeid om, og som understøtter regionen si satsing på samarbeid om digitalisering og innovasjon på mange områder. Føringar og prioriteringar i planen må sjåast i samheng med samarbeidsprosjekt Fag- og tenesteutvikling (FTU) i og rundt Region Nordhordland Helsehus (viser til Styringsdokument for utviklingsarbeidet). Partane i samarbeidsprosjekt FTU er; Kommunar i Region Nordhordland (Alver, Austrheim, Fedje, Masfjorden, Modalen, Gulen, Osterøy), Vestland fylkeskommune v/tannhelsetenesta, Helse Bergen, Haraldsplass DS og NKS Olaviken. Ei felles satsing på digital heimeoppfølging og digital samkonsultasjon er å sjå som eit av tiltaka under FTU satsinga.

Forprosjektet vil utvikle eit kunnskapsgrunnlag frå første fase av pilotering for teneste-innovasjon digital samkonsultasjon initiert av helsepersonell i kommunane, i kombinasjon med digital heimeoppfølging, som metode og verktøy. Formålet med digital heimeoppfølging er som for digital samkonsultasjon, å dele relevant informasjon, meir tverrfagleg samhandling, få rettleiing og beslutningsstøtte, og på den måten kunne utarbeide ein felles plan for oppfølging som dekker brukar sine behov. Forprosjektet vil nytte kvalitativ og kvantitativ metode for å svare ut forskingsspørsmåla.

Aktuelle hovudprosjekt etter forprosjektet vil bli utvikla til utlysing av forskingsprosjekt i Norges forskningsråd, truleg i februar 2024, og/eller søknad til Innovasjonsprosjekt i offentleg sektor i 2024, eventuelle hovudprosjekt i RFF Vestland og partnarane vil og vurdere deltaking i Horisont Europa programmet på eit seinare tidspunkt.

## Verknader og effektar

Ei sentral oppgåve for prosjektet er å avdekke strukturelle faktorar som må være på plass for å gjere tenesta berekraftig. Dette betyr å finne nødvendige bidragande faktorar som honorering av aktørar og permanent frigjerig av kapasitet, samt identifisere og avklare blokkerande faktorar som kan vere til hinder for samarbeidet og utøving av tenestene. Gjennom desse tiltaka er det ei målsetting å gjere samarbeidsmodellen permanent og berekraftig. Forsking vil vise om utviklingstrekka byggjer oppunder dette utfordringsbiletet. Prosjektresultata vil ha direkte effekt og påverke vidare implementering av metodar og verktøy for digital heimeoppfølging i kommunane i Region Nordhordland. Prosjektet er knytt opp mot DigiVestland for deling og læring på tvers av prosjekta. Gjennom samarbeidet vil arbeidet få direkte effekt for alle dei 43 kommunane i Vestland, og Vestland vil kunne bli eit leiande fylke i Norge innanfor innovasjon, kunnskapsutvikling og implementering av E-helse. Sjå vedlegg.

## Plassering

### Plassering - informasjon frå søkjar

Program / aktivitet	RFFVESTLAND
Søknadstype	Støtte frå andre enn Forskringsrådet

### Tema

Temaområde	Tema
Regional utvikling	Helse og velferd



## Fagkoder

Filtrer på fagområde	Filtrer på fag	Disiplin
Medisin og helsefag	Klinisk medisinske fag	Allmenmedisin

Andre relevante utlysninger

Prosjektnr. v/ tilleggssøknad

Er søknaden relatert til andre søknadar eller prosjekt som er i gang med støtte frå Forskringsrådet og/eller ei anna offentlig finansieringsordning?

Nei

## Framdriftsplan

### Prosjektperiode

Frå dato (dd.mm.åååå) 01.10.2023

Til dato (dd.mm.åååå) 30.09.2024

### Hovudaktivitetar og milepålar fordelt over prosjektperioden (år og kvartal)

	Milepålar fordelt over prosjektperioden	Frå	Kvartal	Til	Kvartal
1	Pasient og pårørandeperspektiv ved deltaking	2023	4	2024	2
2	Kompetanseheving tenesteleverandørar via DSK	2024	1	2024	3
3	Redusert transport ved DSK og DHO	2023	4	2024	2
4	Prosjektleiing, formidling og dialog rundt pr	2023	4	2024	3
5	M1.Gjennomført oppstartsmøte alle partn.	2023	4	2023	4
6	M2. Oppstart kompetanseanalyse	2024	1	2024	1
7	M3. Ferdig oppsummering og tilråding	2024	3	2024	3

## Formidlingsplan

Formidlingsplanen har to mål: (1) Fagleg formidling for prosjektet for å utvikle dialog og samarbeid med brukarane, kommunane og helseføretaka fram mot eit hovedprosjekt. (2) Fagleg formidling til forskarnettverk for vidare utvikling av samarbeid med leiande fou-miljø. Formidling i Vestland til DigjVestland partnerskapen og regionalt offentlig sektor vil skje gjennom kopling til eksisterande regionale møteplassar for å utnytte synergjar og treffe flest moglege organisasjonar. Dialog med det komplementære prosjektet knytt til Sunnfjord kommune er særleg viktig for å utvikle grunnlaget for hovedprosjekt for heile Vestland. Populærvitskapeleg formidling vil også føregå via alle partnerane sine nettsider. Forprosjektet har svært avgrensa ressursar, men partnerne tek sikte på eit konferansebidrag utfrå resultatata i prosjektet, samt ein populærvitskapelege artikkel.

Dokumentet er signert digitalt av:

• ODDVIN ARNE NESET, 05.07.2023

Forseglet av



Posten Norge



## Budsjett

### Kostnadsplan (i 1000 kr)

	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	Sum
Personal- og indirekte kostnader	150	165	0	0	0	0	0	0	315
Innkjøp av FoU-tenester	100	250	0	0	0	0	0	0	350
Utstyr	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Andre driftskostnader	20	30	0	0	0	0	0	0	50
<i>Totalsum</i>	270	445	0	0	0	0	0	0	715

### Spesifikasjonsfelt

Andre driftskostnader er direkte utlegg til reiser og møtekostnader.

Den tidlegere tabellen "Kostnad per prosjektpartner pr. hovedaktivitet" kjem ikkje fram i dette søknadsskjemaet. Vi presiserer derfor følgjande: Personal og indirekte kostnader er summen av desse kostnadane hjå dei kommunale partnarane. Innkjøp av FOU er frå Høgskulen på Vestlandet og Vestlandforskning.

### Kostnadssted (i 1000 kr)

	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	Sum
Næringsliv	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Instituttsektor	35	95	0	0	0	0	0	0	130
UoH-sektor	65	155	0	0	0	0	0	0	220
Andre sektorar	170	195	0	0	0	0	0	0	365
Utlandet	0	0	0	0	0	0	0	0	0
<i>Totalsum</i>	270	445	0	0	0	0	0	0	715

### Finansieringsplan (i 1000 kr)

	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	Sum
Eigenfinansiering	100	115	0	0	0	0	0	0	215
Internasjonale midlar	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Offentleg finansiering	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Privat finansiering	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Søkjær RFF Vestland	170	330	0	0	0	0	0	0	500
<i>Totalsum</i>	270	445	0	0	0	0	0	0	715



## Spesifikasjonsfelt

Eigenfinansiering blir dekket med egeninnsats fra dei deltakande kommunane etter timepris i følge regelverket til RFF.

## Vedlegg

### Prosjektskildring

Prosjektskildring	ES723346_001_3_Projektbeskrivelse_20230503
Referanse	Søknad forprosjekt RFF_ Forprosjekt for digital heimeoppfølging og samkonsultasjon av kronisk sjuke_2023.pdf

### Curriculum vitae (CV)

Curriculum vitae (CV)	ES723346_002_1_CV_20230502
Referanse	CV Rolf Martin Tande_Masfjorden municipality and Steering group.pdf

Curriculum vitae (CV)	ES723346_002_2_CV_20230502
Referanse	CV Frode F. Jacobsen short April 2023.pdf



# Forprosjekt for digital heimeoppfølging og digital samkonsultasjon av kronisk sjuke

## 1. Bakgrunn for prosjektet – utfordringer og behov

Det nasjonale utfordringsbiletet viser at pasientane sine behov for heilskaplege og koordinerte tenester ikkje vert svara godt nok for. Tenestene framstår ofte som fragmenterte og er prega av for liten innsats for å avgrensa og førebygga sjukdom. Nasjonale føringar, lovendring med nye reformar har ført til at kommunane har fått større ansvar for tenester som tidlegare låg under spesialisthelsetenesta. Demografisk utvikling og endring i sjukdomsbiletet gir utfordringar som vil kunne trua samfunnet si berevne. Statistiske data viser at utviklingstrekkene byggjer oppunder dette utfordringsbiletet, også for kommunane i Region Nordhordland. Kommunane i Region Nordhordland har over lang tid arbeidd med ei rekke utgreiingar, initiert og sett i verk tiltak og prosjektsamarbeid, nettverkssamarbeid og planlegging med omsyn til å utvikling av interkommunale løysingar innan Helse og omsorgsfeltet i Region Nordhordland. Det er utarbeidd og vedteke ein plan for [«Felles satsingar for Helse og omsorgssektoren i Nordhordland 2021 - 2031»](#) (Region Nordhordland, 2021). Teknologi og innovasjon er eitt av dei prioriterte områda i planen som kommunane ser behov for å samarbeid om, og som understøtter regionen si satsing på samarbeid om digitalisering og innovasjon på mange områder. Føringar og prioriteringar i planen må sjåast i samanheng med samarbeidsprosjekt [Fag- og tenesteutvikling \(FTU\) i og rundt Region Nordhordland Helsehus](#) (Styringsgruppa for Fag- og tenesteutvikling i og rundt RNH, 2022). Partane i samarbeidsprosjekt FTU er; Kommunar i Region Nordhordland (Alver, Austrheim, Fedje, Masfjorden, Modalen, Gulen, Osterøy), Vestland fylkeskommune v/tannhelsetenesta, Helse Bergen, Haraldsplass DS og NKS Olaviken. Ei felles satsing på digital heimeoppfølging og digital samkonsultasjon er å sjå som eit av tiltaka under FTU satsinga.

Med bakgrunn i utfordringsbiletet, felles satsingar og utviklingsarbeid ønskjer kommunane i Nordhordland, saman med spesialisthelsetenesta å prøva ut digital heimeoppfølging og digital samkonsultasjon som metode og verktøy for å betra samhandlinga og tilbod om helsetenester nærmare der pasienten bur. Utpøvinga av digital heimeoppfølging (DHO) har vist at eit slikt tilbod kan gje gevinstar på fleire område. Evalueringar viser at det er behov for meir kunnskap om kva gevinstar det kan ha for brukarane og for helsetenesta, samt at dette er eit tilbod som framleis er i utvikling. Evalueringar viser også at det er utfordringar knytt til samhandlinga og informasjonsdelinga mellom samarbeidsaktørane ved bruk av DHO (Helsedirektoratet, 2022). Det er derfor eit potensiale for utvikling av metodar der ein nyttar digitale verktøy for å styrkje samhandlinga mellom fastlege, anna kommunal helse- og omsorgsteneste og spesialisthelsetenesta. Med bakgrunn i målet med ei nasjonal satsing på digital heimeoppfølging (DHO), kunnskap og erfaringar frå utpøvinga som er belyst i sluttrapportar (Helsedirektoratet, 2021) (Abelsen B, et.al, 2022), ser ein at ei utpøving av digital samkonsultasjon (DSK) kan sjåast som ein av fleire innsatsfaktorar i DHO. Forprosjektet vil utvikle eit kunnskapsgrunnlag frå første fase av pilotering for teneste-innovasjon digital samkonsultasjon initiert av helsepersonell i kommunane, i kombinasjon med digital heimeoppfølging, som metode og verktøy.

## 2. Forskning og innovasjon

### 2.1 Innovasjonsidéen som ligger til grunn for det planlagte hovedprosjektet

Innovasjonsidéen er å prøve ut digital heimeoppfølging og digital samkonsultasjon som metode og verktøy for å betra samhandlinga og tilbod om helsetenester nærmare der pasienten bur. Gjennom prosjektet er det ønskje om å prøve ut måtar å samarbeide på, der aktuelt helsepersonell møtes digitalt, saman med pasient og evt. pårørande i ein felleskonsultasjon, der det det tverrfaglege og heilskaplege perspektivet er sett i fokus. Formålet med digital samkonsultasjon er som for digital heimeoppfølging, å dele relevant informasjon, meir tverrfagleg samhandling, få rettleiing og beslutningsstøtte, og på den måten kunne utarbeide ein felles plan for oppfølging som dekker brukar sine behov, og der digitale heimeoppfølgingstiltak vert vurdert og prøvd ut. I Nordhordlandskommunane ønskjer ein å rette fokus på dei behova innbyggjarane i distrikta har, ta utgangspunkt i kommune- og pasientperspektivet og utgreie korleis vi kan bruke nye metodar og verktøy for å få til meir heilskaplege tenester og tverrfagleg samarbeid på tvers av fagområde og nivå, initiert frå

kommunane og brukarar/pårørande. Innovasjonsideen vil vere nyttig for: Pasientar med kroniske sjukdommar og behov for heilskaplege og koordinerte tenester. Den eldre innbyggjaren. Pasientar med kroniske sjukdomar som har risiko for forverring. Pasientar med lang reiseveg som opplever det som belastande å bli flytta frå heimen/institusjon til konsultasjon hos spesialist. Pasientar med lang reiseveg som skal ha kontrolltime hos spesialist, og der det er nyttig at fastlege, anna helsepersonell og/eller pårørande deltar saman med pasienten. Pasientar med psykiske lidingar. Fastlegar med behov for rettleiing og rådføring knytt til konkrete problemstillingar, for m.a. å styrke kunnskapsgrunnlaget for vidare behandling av pasienten der han bur.

Førebels har samarbeidspartane identifisert pasientar innan palliasjon og alderspsykiatri som kandidatlar til utprøving av digital heimeoppfølging. Vi ser for oss at nettopp kombinasjonen av medisinsk avstandoppfølging og digital samkonsultasjon vil kunne gje desse pasientgruppene eit meir heilskapleg tenestetilbod, der dei bur. Desse pasientgruppene er unikt for dette prosjektet.

Utprøvinga av (DHO) har vist at eit slikt tilbod kan gje gevinstar på fleire område. Evalueringar viser også at det er behov for meir kunnskap om kva gevinstar det kan ha for brukarane og for helsetenesta, samt at dette er eit tilbod som framleis er i utvikling. Evalueringar viser også at det er utfordringar knytt til samhandlinga og informasjonsdelinga mellom samarbeidsaktørane ved bruk av DHO (Abelsen B, et.al, 2022) (Helsedirektoratet, 2022). Det er derfor eit potensiale for utvikling av nye arbeidsmetodar der ein nyttar digitale verkøy for å styrkje samhandlinga mellom fastlege, anna kommunal helse- og omsorgsteneste og spesialisthelsetenesta.

## 2.2 FoU-aktivitetene

### 2.2.1 Kunnskapsstatus

Med utgangspunkt i at teknologi i helse og omsorg for heimebuande har vore nytta i Noreg i nærare 20 år, er det relativt lite systematisk forskning på feltet både i Noreg og internasjonalt (Berge, 2017; Jacobsen et.al. 2019; Steilts, 2021). I Noreg har videokonsultasjonar inntil nyleg berre vore implementert hjå eit avgrensa tal av fastlegar, private legeverksemdar og helseføretak, og korleis dette fungerer for heimebuande tenestemottakarar er lite utforska og forskingsbehovet er derfor stort (Tveter et.al., 2021). Erfaringar og modellar frå andre prosjekt og kartleggingar vil danne eit viktig kunnskapsgrunnlag for det vidare arbeidet med breidning av digital heimeoppfølging, her under utvikling og utprøving av digital samkonsultasjon som ny arbeidsmetode og verkøy for tverrfagleg samhandling og meir heilskapleg tilbod, der pasienten bur. Det vil vere nyttig å sjå til fleire interne og eksterne kunnskapskjelder. Ein vil særskilt trekke erfaringane frå:

- **Prosjekt om etablering av fleksibel videokommunikasjonsløsning ved Nordlandssykehuset**  
Etablering av fleksibel videokommunikasjonsløsning ved Nordlandssykehuset og godt samarbeid med Bodø kommune har åpnet opp for at flere pasientgrupper på tvers av spesialist- og primærhelsetjenesten får hjelp under koronakrisen.  
Ein kan lese meir om dette her: <https://innomed.no/erfaring/video-bygger-bro-i-nord>
- **Prosjekt «Langvarige og koordinerte tenester» (LKT prosjektet)**  
LKT-prosjektet er eit lokalt samarbeidsprosjekt forankra i [samhandlingsstrukturen](#) for kommunar og spesialisthelsetenesta i Helse Bergen sitt føretaksområde, der måla var å finne løysingar som kan bidra til meir heilskaplege og koordinerte tenester for prosjektets definerte målgruppe. Meir informasjon om prosjektet finn ein her: <https://saman.no/utvikling-og-strategi/langvarige-og-koordinerte-tjenester-lkt-prosjektet>
- **Kartlegging blant fastlegar i Region Nordhordland , desember 2020/januar 2021.**  
Ved årsskiftet 2020/2021 vart det gjennomført ei kartlegging blant fastlegar i Region Nordhordland etter initiativ frå kommunalsjefsgruppa for helse- og omsorg. Kartlegginga ga mellom anna gode innspel og indikasjonar på ønska tenesteutvikling innanfor helse- og omsorg, både knytt til kommunale- og spesialisthelsetenester i regionen.
- [Digital hjemmeoppfølging - sluttrapport fra nasjonal utprøving 2018-2021](#)
- [Digital hjemmeoppfølging erfaringer med samhandling og informasjonsdeling](#)
- [Evaluering av utprøving av digital hjemmeoppfølging. Sluttrapport, 07.01.2022](#)
- [Digital hjemmeoppfølging - Nasjonale faglige råd](#)



## 2.2.2 FoU-mål

